



REFERAT
frå møte i Kviteseid Sokneråd (SR)
Onsdag 24.08 2022, kl.18.00
Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall: Bjørn Nordskog.

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Unni Snaunes

Oversikt over saker:

SR-sak 26.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 27.22 FR	Post og meldingar
SR-sak 28.22 FR	Forslag driftsbudsjett 2023
SR-sak 29.22 FR	Forslag investeringsbudsjett 2023, og investeringsplan 2024-27
SR-sak 30.22 FR	Ønsket og elsket (orientering ved Petter Jakobsen)
SR-sak 31.22 SR	Trusopplæringsplanen (oppdatert informasjon)
SR-sak 32.22 SR	Komité for kyrkjelydsbasaren
SR-sak 33.22 SR	Eventuelt

SR-sak 26.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post torsdag 18.08 2022 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

1. Sommaren 2022, og STABEN vidare:

- Feriane er i all hovudsak ferdig avvikla, men enkeltveker står att for nokre.
- Erfaren sommarhjelp på ute-drifta hadde engasjement i 9,5 veker som er avslutta nå.
- Vi har sidan juni hatt organistvikar for 17 arrangement. Takk til Dagfinn og Maria.
- Kyrkjevevja har vore i arbeid i 60 % dei siste 2 månadene, med avbrot for litt ferie. Han held fram i same storleik ein tid til. Ein annan tilsett har og vore sjukemeld i tre veker.
- Trusopplærar Knut Ove Lofstad avsluttar i september sitt 13 mnd lange vikariat som ungdomsdiakon i Seljord, men held fram som trusopplærar i Kviteseid i 50 %.
- Sokneprest Møyfrid Lunde blir med på skuleturen til Polen i veke 40 og har haustferie i veke 41. Kjell Johan Nenseter vikarierar på gudstenestene 2. og 9. okt.
- Endring i stillingsprosent: Jan Gunnar Haugen endrar stillinga si frå 50% til 45 % frå 1.9.22. Bjørn Stian Sigurdslid aukar si stilling frå 50% til 55% frå same dato.

2. Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:

- Konfirmantane var på leir på Gjennestad VGS i Stokke 20.-24. juni saman med konfirmantar frå andre stader i prostiet. Det var samkøyring med buss. (ref. sak 30.22)
- Kveldsandaktar i gamlekyrkja i Kviteseid i juli: Dag Harald Undheim hadde 3 andaktar, og den siste var ved Møyfrid Lunde.

3. Planlagde arrangement:

- 25. sept.: Felles sangkveld i Kviteseid kyrkje. Besøk av Hilde N. og Espen G. Gundersen
- Herdis Nordbø Jørgensen og Hanne Roholdt vil orientere om kyrkjetekstilar i Brunkeberg kyrkje 9.oktober og i Kviteseid kyrkje 30.oktober.
- 28.-29. okt.: Kick-off for konfirmantane (Felles i 'Ønsket og elsket'. Ref sak 30.22)
- Ingen planlagde konsertar før advent og jul, så det kjem vi tilbake til.
- Formiddagstreff på Misjonshuset er planlagd til 28.9., 26.10. og 23.11.
- Kyrkjelydsbasaren lø.26.11. Handelsstanden i Kviteseid har ikkje planlagt jolemarknad enno, men det blir truleg same helga, som i fjor.
- Adv.konsert for eldre 7.12. og fest for Lundenjordet 14.12.

4. Pilegrimsvandringar i prostiet:

- Vandring for fred er ei markering av FN's flyktningsdag 20. juni. I år var turen 15. juni og lagt til Kviteseid, og det var lagt til rette for dei som ikkje er gode til beins. Vandringa gjekk frå Kviteseid kyrkje til gapahuken ved Ågapet, og tilbake. Ved Ågapet var det god tid til med-brakt niste og samtaler. Vaksenopplæringa i Seljord var med i år og, saman med prestar og andre som ynskjer det. 60 personar deltok. Vandringa blei avslutta med eit fint musikalsk program sett saman av Olav Holm. Høgdepunktet var solosong og fiolinspel av ei dame frå Ukraina.
- Å vandre med håp er i samarbeid med psykiatrien i kommunar i Vest-Telemark og DPS i Seljord. Det er ei vandring over Haukeli i 3-5 dagar i august. Dato i år er 23.-25.august.turen endar alltid i Røldal stavkyrkje. Jan Haugen har vore med der fleire år med ein liten konsert. Det skal han i år også. Nokre frå kyrkjestaben her og andre stader vert og med.

- Vandring for forandring er for etterlatne etter sjølv mord, og er berre for menn. Den går og over Haukeli til Røldal, og er i år helga 10.-11. september.

- AU møte 10. aug.** hadde ein gjennomgang av rekneskapsrapport pr 31.07.2022. Utgiftene til straum er framleis svært høge. (*sjå vedlegg til sak 28.22*). SR sin søknad om ekstra straumstøtte blei handsama i Formannskapet 18.aug. Innstillinga frå kommunedirektøren var negativ, men saka må framleis opp i kommunestyret. Formannskapet vedtok innstillinga frå kommunedirektøren.
Andre saker frå AU kjem som saker her på dette møtet.
- Lysekrona i gamlekyrkja** er frå 1600-talet og er i svært dårleg forfatning. Delar har blitt reparert fleir gonger lokalt i Kviteseid. Vi undersøker nå om noko kan gjerast hos fagfolk, eller om denne må 'pensjonerast' og bli erstatta med noko anna som er tenleg og passar inn. Det blir i tilfelle sak til SR seinare.
- Nye omnar til Kviteseid kyrkje** er mottekne frå leverandør i Tyskland. Vi vonar å kunne ta til med montering snart, og få alt klart i løpet av september. Omnane skal bli montert av våre tilsette, mens kabling og styring blir tatt hand om av elektrikar.
- Tilgang til data i Kviteseid kyrkje** er naudsynt for straumstyringa. Det vil og vere tenleg å ha i andre samanhengar. Vi vil undersøke med Telefiber om linje (optisk fiber) i nærleiken, og ser deretter etter beste leverandør.
- Prosjektor i Kviteseid kyrkje** er i bruk på alle familiegudstenester og andre større samlingar. Prest, klokkar, kor og forsongarar ser då ikkje skjermen. Ein vurderer derfor å prøve ut ein monitor (TV-skjerm) som heng på gallerirekkverket bak i kyrkja og vender framover. Blir det ynskje om permanent løysing, må vi handsame saka i SR og søkje om løyve.
- Renovering av blyglasvindauga** i Kviteseid kyrkje har ikkje vore arbeidd med på lang tid. To blyglas vert seint i haust tatt ut for å bli renovert i Tønsberg i løpet av vinteren. Truleg kan to nye sendast på ettervinteren. Slikt arbeid ynskjer Tønsberg Glassliperi å gjere innandørs på vinteren.
- Dåpssakristiet i Vrådal** har blitt pussa opp med måling og møblement av kyrkjelydsutvalet der.
- 3 ekstra forordna gudstenester i Vrådal** pr. år er innvilga av biskopen. Dei blir ein del av stillinga til den nye soknepresten i Fyresdal.
- Publikumsinformasjon vedr. gravplassane** (ref. SR sak 25.22) er revidert, men enno ikkje publisert. Les gjerne gjennom dette og kom med innspel eller spørsmål. Den skal og ut 'på høyring' hos kyrkjegardsarbeidarane/staben, som ofte møter pårørande på kyrkjegardane og i andre samanhengar. *Ligg ved.*
- Kr 20.000 frå OVF** (Opplysningsvesenets fond) fekk vi nettopp på konto. Vi sende søknad i fjor i samband med gapahuken. No treng vi ein røyksamlar og pipe i gapahuken, og tenker det er naturleg å bruke av desse midlane til dette.

Saka vart handsama i Arbeidsutvalet (AU-sak 12.22) 10.08.2022 der dette var ordlyden etter rettingar:

I budsjettarbeidet er det tatt høgde for ein lønsauke på 2,5 %. Etter hovudforhandlingar i haust vil vi vite det meir eksakt, og det blir truleg mykje med tilbakeverkande kraft for mykje av 2022 og.

Det var vanskelegare for kyrkjeverja enn han tenkte seg på førehand å få endane til å møtast i 2023.

«Etter regjeringens reviderte nasjonalbudsjett lagt fram i mai, anslås deflatoren i kommunal sektor til å bli 3,7 % i 2022». Det er da naturleg å kunne bruke det same i kyrkja som i kommunen.

Etter fleire rundar med kutt, blir det balanse mellom inntekter og utgifter i budsjettet med 2,5 % auke frå kommunen, i tillegg til ein eigen straumstønad på kr 150.000.

Samla auke i tilskot blir då 6,8 % (237.225 kr).

Viss vi ikkje får auka tilskot frå kommunen til straum, må AU og SR saman finna løysing for å redusere aktivitet og auke inntekt/stønad. Då må vi tenke nytt og alternativt.

Etter SR-sak 22.22 i juni: Gjevarkomiteen har ikkje funne tid til å samlast før dette AU-møtet, men møtast etter planen 23.8. I budsjettet er det lagt inn ein auke på desse gåveinntektene, frå 75.000 kr til 100.000 kr.

Dette er 4. år for sitjande sokneråd. På langtidsplanen for denne perioden, har vi i 2023 ein stor frivillighetsfest. Den er budsjettetert med. Nyval av sokneråd hausten 2023 er ikkje tatt med, for det får vi vanlegvis stønad til.

Lønskostnadane blir i 2023 ein større del av samla kostnader, og aukar med 110.000 kr, frå 53 % til 57 %.

Driftsutgiftene aukar med 4,2 % (kr 215.500) til kr 5.329.568

Driftsinntektene aukar med 4,5 % (kr 230.500)

Reparasjon av messehakelen kjem i 2023 og er ikkje tatt med i budsjettet. Der vil vi gå ut til næringslivet i Vrådal og be om støtte til dette, til anna som vart øydelagt av mus i Vrådal kyrkje for 1,5 år sidan, og til renovering av ytterdøra. Berre messehakelen kostar rundt 20.000 kr.

Renovering av ytterdøra er prisa til kr 50.000 (medan ny kopi kan lagast for 30.000)

Forslag til vedtak i AU: Etter arbeid med budsjettet, tilrår AU SR å vedta det som eit forslag til driftsbudsjett for 2023, og senda det til kommunen.

Vedtak i AU: som føreslege

Vedlegg: RR2022.08.15 og BF2023 (kort og lang)

Forslag til VEDTAK i SR:

SR vedtek det framlagde forslaget for driftsbudsjett for 2023, og sender det vidare til kommunen.

VEDTAK: Som føreslege.

SR-sak 29.22 FR	Forslag investeringsbudsjett 2023, og investeringsplan 2024-27	MG / KS
<p>Saka vart handsama i Arbeidsutvalet (AU-sak 13.22): Vedlegget viser gjeldande budsjett for 2022, og planen for 2023-2027. Planen er ikkje endra frå sist vedtak, men 2027 er lagt til.</p> <p>For 2023 viste det seg at anslaga frå tidlegare var veldig korrekte. Møterom over carport, i forlenging av bårehuset i Kviteseid, er prisa til kr 495.000 frå same byggmeister som bygde 1. byggetrinn. Det er då tatt med nye takplater på heile. Viss vi ynskjer eller må bruke glasera takstein (som i dag), vert dette naturlegvis dyrare. Det same gjeld viss vi må byte dagens undertak på bårehuset. Målingsarbeidet gjer vi sjølve.</p> <p>Resten av investeringsbudsjettet for 2023 er</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ferdigstilling av varmeomn-prosjektet i Kviteseid kyrkje (startar opp hausten 2022), og 2. Rehabilitering av 2 store blyglas i Kviteseid kyrkje <p>I åra vidare er prosjekta som fylgjer: 2024: Reparasjon av taket på Vrådal kyrkje, prosjektering av nye varmeomnar og styring i Brunkeberg og Vrådal kyrkjer, og 2 nye blyglas i Kviteseid. 2025: Nye varmeomnar og styring av desse i Brunkeberg kyrkje, oppstart + resten av blyglasa i Kviteseid kyrkje. 2026: Gjere ferdig omnane i Brunkeberg og det same for Vrådal kyrkje 2027: Nye straumsparingstiltak og kalking av Kviteseid gamle kyrkje.</p> <p>Vedlegg: Investeringsplan 2023-2027</p> <p>Forslag til vedtak i AU: AU rår soknerådet til å vedta den framlagde planen.</p> <p>AU var spørjande til om nye omnar og straumstyring i Fjågesund kyrkje er beste prioritering med så lite bruk av kyrkja. I samtaler om den dyre straumen, kom tankar om solpanel /solcelleanlegg kunne vera mogleg å få til på til dømes Vrådal kyrkje, bårehuset i Kviteseid eller Kviteseid kyrkje. Kva er viktigast å få på plass seinast i 2027?</p> <p>Solcelleanlegg til bårehuset i Kviteseid? Der har vi kjøleanlegg som krev mykje straum når det står på, og vi har alltid oppvarma rom til kyrkjetenarane i kjellaren og varmt vatn. Straumen der kjem frå kyrkja. Vi har ikkje midlar på investeringsplanen eller driftsbudsjettet til dette, så føresetnad må vere at vi får ekstern finansiering på dette, eller at vi neste år greier å omdisponere noko på investeringsplanen.</p> <p>Forslag til VEDTAK i SR: Soknerådet vedtek den framlagde planen for investeringar i perioden 2023-2027 med dei endringane som er gjort i møtet: Soknerådet oppmodar til å undersøke moglegheit for solcelleanlegg på bårehuset i Kviteseid i samband med utvidinga der i 2023.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p> <p>Vedlegg: <i>Investeringsplan 2023-2027</i></p>		

SR-sak 30.22 FR	Ønsket og elsket	MG / PJ
<p>Vi får besøk frå Petter Jakobsen som har vore knytt til 'Ønsket og elsket' i prostiet her, med base i Seljord. (Petter Jakobsen er nå kyrkjeverje i Seljord i ein delt stilling med Jon Svartdal som er blitt delvis pensjonist.)</p> <p>Konfirmantleirane er det største arrangementet gjennom året i konseptet 'Ønsket og elsket', men mykje anna skjer også. Petter orienterar.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet takkar for grei orientering om 'Ønsket og elsket'.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
SR-sak 31.22 FR	Trusopplæringsplanen (oppdatert informasjon)	MG / KOL
<p>Trusopplærer Knut Ove Lofstad informerer om trusopplæringsarbeidet i soknet, med hovudvekt på det som er nytt eller endring det siste året.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringa.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p> <p>Vedlegg: <i>Trusopplæringstiltak brosjyre 2022</i></p>		
SR-sak 32.22 FR	Komité for kyrkjelydsbasaren	MG
<p>Den årlege kyrkjelydsbasaren er viktig av mange årsaker. Vi har budsjettert med inntektene frå den både til trusopplæringsarbeidet og til misjonsprosjekta våre. Det er og ein fin anledning til dugnadsinnsats og godt samvær.</p> <p>Basaren brukar å vera på Misjonshuset laurdagen før 1. sundag i advent. I år vert det laurdag 26. november.</p> <p>2 år nå har handelsstanden laga til Jolemarknad på Mylletorget (mlm. banken, apoteket, blomsterbui og bokhandelen). Det blir truleg i år også. I tilfelle kan det være fint for oss å ha ein bod der på fredagen.</p> <p>Komité for basaren sist, var Kirsti B Skjæveland, Gunhild Dobbe, Dagfinn Køhn og kyrkjeverja. Kirsti og Dagfinn har sagt JA til å være med i år også. Gunnhild reiser til Filipinene igjen for 5 mnd. i oktober. Kyrkjeverja må pga helsa seie nei til komiteen i år, men ønskjer å vere med på basaren.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vel desse til komité for kyrkjebasaren: Kirsti Skjæveland, Dagfinn Køhn og Marit Sørby. I tillegg kan komitéen få med ein eller to personar til i komitéen.</p>		

SR-sak 33.22 FR	Eventuelt	MG
<p>Ny dato før neste møte? Viss soknerådet vil ha med soknepresten på neste møte, avtala til 5. okt., må datoen endrast.</p> <p>AU tilrår at neste SR blir onsdag 28. september. Det er da planlagt å vere i Fjågesund.</p> <p>Det siste soknerådet i år er planlagt til 23. nov.</p>		